

Retningslinjer for tildeling av botnfrådrag

Einebustad

Einebustad skal ha botnfrådrag. Hybelleilegheiter/sokkelleilegheiter i einebustad skal og tildelast botnfrådrag, om den oppfyller kravet om å være ein sjølvstendig bueining. Sjå pkt. under.

Våningshus og kårhus

Våningshus og kårhus skal ha botnfrådrag pr. bueining.

Tomannsbustader

Tomannsbustader skal ha botnfrådrag pr. bueining.

Rekkehus

Rekkehus skal ha botnfrådrag pr. bueining.

Leilegheiter

Leilegheiter i leilegheitsbygg skal ha botnfrådrag pr. bueining.

Blanda bruk

Bygningar som består av ein eller fleire bueiningar og ein eller fleire næringseiningar, skal ha botnfrådrag pr. bueining.

Fritidsbustad

Fritidsbustader skal ha botnfrådrag pr. bueining. Anneks og tilsvarende får ikkje botnfrådrag.

Sjølvstendig bueining

Det er ein føresetnad at bueiningane er godkjent som sjølvstendig bueining av kommunen, og registrert som sjølvstendig bueinig i Matrikkel for å få botnfrådrag.

Ved vurdering av kva som er ein sjølvstendig bueining blir det mellom anna lagt vekt på om bueininga har:

- Eige bad/toalett
- Eige soverom
- Eige kjøkken
- Eige opphaldsrom/stove
- Eigen inngang, bueininga må være fysisk adskilt frå øvrig buareal i den eksisterande bustaden.

Klage

Klage over vedtak om botnfrådrag skal behandlast av nemnda for eigedomsskatt.